



Martha Bakke(t.v.) og Marit Hauge sel lodd til helselagsbasaren

12.april kl.16 er det klart for den årvisse og tradisjonsrike helselagsbasaren. Basaren er som vanleg i Helgheim, og arrangørane kan alt no presentera ei imponerende innhaldsrik gevinstliste. I dag sat to av dei aktive helselagsdamene, Martha Bakke og Marit Hauge, og selde lodd på Spar. Salget gjekk som vanleg godt unna!

Dei to kunne fortelja at basaren vert etter tradisjonelt mønster. I tillegg til sjølve basaraktivitetane vert det også servering. Basaren pleier å vera svært godt besøkt, og det brukar alltid å verta god gammaldags basarstemning i Helgheim på den.

Mykje folk bør det verta i år og. Gevinstlista er svært så forlokkande. Dei to seier at helselaget er svært takksame for velviljen helselaget har blitt møtt med hos alle, både firma og private, som har gjeve gevinstar.

På gevinstlista finn vi m.a. dobbelt vaffeljern og fleire flotte naturbilete, pledd og mariusgensar, belte med fangband til hardangerbunad, fleire gåvekort og fint handarbeid. Dette er berre eit utvalg, men vi må også ta med den som heilt sikkert vert mest populær blant dei yngste: dokke med kle og paraplytrille. Der er gevinstar som bør falla i smak hos alle.

Martha og Marit fortel at helselagsmedlemmer kjem til å sitja og selja lodd på Spar fleire gonger fram mot basaren. Derimot kjem dei ikkje til å gå rundt på bygda.



Eit utval av dei flotte gevinstane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland